
KONTAKTBLAD FOR
Nr. 12 Okt. 1993 4.årg.

HJARTDAL HISTORIELAG

BRA OPPSLUTNING OM TRIVELEG TUDDALSVEGTUR

20.juni var det ca 25 personar som gjekk dei gamle tuddalsvegane i regi av historielaget (Sjå omtale i kontaktblad nr.11.) Været var bra og turen var passe lang. Det var med deltakarar av alle aldrar, og vi hadde også med folk frå nabobygder denne gongen. Alf Mostue stilde opp, og kunne bidra med ein del opplysningar både om vegane og andre ting frå distriktet.


Vi gjekk frå Øvstebøe i 12-tida og gjekk den gamle bilvegen opp til Kringleberghaugen. der tok vi ei skikkeleg matpause og såg på dei gamle inskripsjonane som

tidlegare tiders reisande har krotta på eit berg der. Ein ser at denne plassen har vore kvilestad for folk og hest i fleire hundreår.

Nedatt gjekk vi den aller eldste kjende tuddalsvegen. den er merka og grei å finne. Både her og på den andre vegen er det gjort mykje bra vegarbeid . Stikkrenner og murar ligg som da dei var nye, og kan om dei får vere i fred, ligge i fleire hundreår ennå og minne om tider som ikkje er så fjerne i år, men nærmast uendeleg langt attende i teknisk utvikling.

ELLES I BLADET:

- * **ALF MOSTUE**
- * **SKRIFTER ETTER H.J.UVAAS**
- * **GAMLE LAGSPROTOKOLLAR**



ALF MOSTUE

Lokalhistorikar i Tuddal


Den kanskje største lokalhistoriske kapasiteten i distriktet vårt fører ein ganske anonym tilværelse på ei hytte i Tuddal mykje av tida. Både hytta og mannen er faktisk fulle av kunnskap om faren tid, særleg i Notodden og Hjartdalsbygdene. Vi kjenner han best for boka "Slik var hverdagen", som kom for nokre år sidan.

Elles har nok den største innsatsen hans vore innsamling av arbeidarminne for Arbeiderbevegelsens arkiv og Norsk Folke-museum. Ettersom det etterkvart blei samla store mengder stoff om livet i industriarbeidarmiljøa i byane, blei Alf Mostue (f.1911) minst like opptatt av å få doku-mentert det som var av tilsva-rande stoff på bygdene. Dvs. minne frå livet til husmanns-folk, tenestefolk og vanlege arbeidsfolk elles på landsbyga. Mykje av dette stoffet er bl.a. blitt brukt i historiebøker seinare.

Mostue er elles velkjent frå avis-debattar og artiklar. I 1989 fekk


han Kongens fortenestemedalje i sølv for historiearbeidet sitt.

Hjartdal Historielag har vore i kontakt med han i vår, og vi kan med glede seie at Mostue har merkt seg arbeidet vårt. Han har også overlete laget verdifullt



stoff som han har utarbeidd gjennom tidene. Tidlegare har vi fått fleire timars kassetbandopp-tak av samtaler med eldre Tuddølar. Nå har vi også mottatt ei kjempesamling av stadnamn frå Tuddal. Vi er svært takksame for dette. Førabels er samlinga trygt plassert i kommunearkivet, da vi ikkje har gode nok lager-

SKRIFTENE TIL KARIN AAS ETTER HALVOR JOHANNESSEN UVAAS



I fjor haust fekk vi telefon frå ei flyvertinne i Oslo. Ho fortalde at ho var etterkommar av ein Johannes Halvorsen Uvaas og at ho hadde ei mengd med skrifter som hadde kome i hennar eige etter 4-5 generasjonar.

Etter ei tid fekk vi anledning til å treffe Karin Aas da ho kom til Notodden med denne samlinga.

Det kom da for ein dag tre tjukke skrivebøker - tettskrevne med alle slags data, tekster og teikningar, sirleg nedteikna så smått og nøyaktig som mulig, truleg for å utnytte det dyre skrivepapiret best mulig.

Johannes Halvorsen Uvaas (f.1756) var den som skulle ha betalt for Hjartdal kyrkje. Sonen Halvor Johannesen Uvaas var

lærer født 1790. Det var han som skreiv og teikna. Mykje skulle kanskje vere lærebøker og stoff til bruk i lærararbeidet.. Han teikna mykje teknisk - geometri, astronomi mv. Svært omfattande kalendarar førte han også. I det heile finst det ein del rart og interessant i denne samlinga.

Johannes eller sønnen Halvor skal visstnok ha døydd som "gammel lærer" i Numedal i 1845.

Halvor hadde i alle fall to sønner: Johannes (f.1827/28) som flytta til Hamar og blei far til bestemor til Karin Aas. Han gjekk på Asker seminar.

Den andre - Ole var visstnok gift med ei frå Omnes. Det må iflg. "Gard og ætt i Sauland", vere

Forts. side 4

NYE OPPTRYKK AV KONTAKTBLAD

Etter at mange nye medlemmer er innmelde, har det komme ønske om å få tidlegare nummer av "*Kontaktblad for Hjartdal Historielag.*" Dette kan vi gjerne ordne bare vi får litt tid på oss, men vi vil gjerne ha ei "avgift" på 30 kroner til historielagskassa for dette.

Av dei første blada er det nokre heilt enkle blad utgjevne i samband med tidlegare årsmøte. Til gjengjeld er andre fyldigare hefte med historiske tema frå bygdene.

Er du interessert, så oppgje for sekretæren dei blada du vil ha. (Telefon 35 02 30 11)



KJENNER DU TIL BORTGØYMDE LAGSPROTOKOLLAR / MØTEBØKER ?

Under arbeidet med kommunearkivet kom tanken om at det må da i tillegg til disse offentlege protokollane og papira finnast ei mengd liknande ting av meir privat art, men av stor offentleg historisk interesse. Vi tenker særleg på alle dei protokollane eller møtebøkene som er skrevne av sekretæraane i dei mengdene med lag og foreningar vi har hatt her i bygdene gjennom tida. Det er eit mysterium kor alle desse har blitt av, men mest truleg er det at dei ligg omkring i private heimar, kanskje utan at eigarane sjølv er klar over dei. Slik er dei av lita nytte, medan folk med historisk interesse kunne lese mykje interessant ut av dei.

Vi vil med dette be alle lesarane som skulle kjenne til slike protokollar at dei vurderer om det ikkje kunne vere passande nå å overlate dette til historielaget. Vi vil deretter ta kontakt med kommunen av di vi veit at det er nokre få hyllemeter ledig i det brannsikre hvelvet der kommunen har ordna sitt arkiv.

Kunne vi få inn ein del lagsprotokollar her, ville det vere av stor verdi for bygdene. Sjølv sagt må eigedomsretten til protokollane bestemmast av dei ulike laga. Og lag som har sikre rutiner for oppbevaring av slike papir treng sjølv sagt ikkje bry seg med dette. Men også her er det interessant for historielaget å vite at protokollar finst og om dei i tilfelle kan vere tilgjengelege for historisk interesserte. Særleg for lag som er nedlagte bør ein

Døme på lag som kan ha interessante møte-bøker:

Skyttarlag, ungdomslag, sokneråd, idrettslag, bondelag, bondekvinnelag, skogeigarlag, musikkorps, politiske foreningar, sangkor, 4H-klubbar, ungdomsklubbar osv.

sørge for å få ettelatne papir på plass i f.eks. kommunens arkivrom.

SKRIFTENE TIL.. *Forts. frå s.3*

Aslaug Jaransdatter f.1831 på Ned-Omnes. Desse emigrerte til USA i 1847, samme året som dei gifte seg.

Vi har kopiert skriftene til HHL-samlinga. For den som er tolmodig, er det mykje å finne ut om kva ein intellektuelt interessert Hjartdøl først på 1800-talet var oppatt av.